



MEDLEMSBREV NR. 1 – 2016

Kjære medlem, www.olavslettoselskapet.no er alltid oppdatert, men siden ikkje alle medlemmer i Olav Sletto-selskapet har denne tilgangen, gir vi ein kort gjennomgang her.

Minnest - Knut V. Seim



Mangeårig medlem i Olav Sletto-selskapet, Knut V. Seim (1924-2016) gjekk bort på Kristi Himmelfartsdagen, 5. mai 2016. Han var ein aktiv mann heile sitt liv og ikkje minst som pensjonist. Mange turar var planlagt utover våren og sommaren då han så brått døydde. Bildet over viser Knut på tur med Hol historielag 2014. Typisk Knut! Han var født i Hol og utdanna seg som pedagog. Mange av oss hugsar han som lærer, med tydeleg og langsam tale. Knut var litterært interessert. I heimen var det bøker på alle veggar. Olav Sletto hørde til dei forfattarane han var glad i. Knut var med på alle årsmøter i Olav Sletto-selskapet, og i 2012 overrekte han ei storslått bokgave til selskapet: Norsk Ordbok i 12 bind. Det siste bindet kom i mars 2016. Bokgava står i Sletto-rommet i biblioteket i Holet, slik givaren ynskte. Han skulle overrekt bind 12 i Sletto under avdukinga av minnetavla for Olav Sletto. I hans stad sto nevøen, Bjørn Seim, for overrekkinga. Vi takkar og minnest Knut V. Seim med takksemd. Sjå www.olavslettoselskapet.no - nyhende.

Aktivitetar sidan sist

Årsmøtet 2016

fann stad på Vika velferdssenter i Hol 1. april med 18 medlemmer rundt bordet. Møtet vedtok endring av §9 i vedtekten, slik at årsmøtet heretter vel leiar og styremedlemmer, mens styret ellers konstituerer seg sjøl. Mangeårig varamedlem Eli Sælid takka for seg.

Olav Sletto-selskapet takka henne for trufast tenest gjennom mange år og ynskte dei to nye varamedlemene til styret, Inger Grostølen og Per Lilleslett, velkomne. Ellers vart styresamansetjinga som før. Ola Ruud overtek som kasserar med uformell tilknyting til styret og held fram som rekneskapsførar. Sjå protokollen under emnepunktet Styret/Årsmøter på nettsida www.olavslettoselskapet.no Etter dei formelle årsmøtesakene var det open kveld. Arne Horge, hovslagar og skribent frå Rukkedalen, kåserte om Olav Sletto som språkleg skattekiste, med PER-bökene som døme. Livfullt og engasjert las Arne Horge utvalde avsnitt frå dei fire bökene. Det vart ei oppleving!

Per Gjetar med i Den kulturelle skolesekken

Med Eva Almhjells redigerte utgave av Olav Slettos ”Per Stavlang”, om stølslivet for to smågutar i gamle dagar, er Olav Sletto tatt inn i Den kulturelle skolesekken i Hol. Tekst og teikningar frå barna som er med i Den kulturelle skolesekken prydar Sletto-selskapets Årshefte 2016. Leveld skole har også nyttat seg av tilbodet, som styremedlem Maria Sondrål har laga.

Avduking av Olav Sletto-minnetavle i Sletto



I strålende sommarvê feira Olav Sletto-selskapet 130-årsdagen for forfattarens fødsel med avduking av ei minnetavle i Sletto i Hol, der Olav vart født 21. juni 1886. Arne Skogheim, tidlegare leiar for Olav Sletto-selskapet, og Sletto-eigar Barbro Aasen, foretok avdukinga, sundag 19. juni 2016 (bildet over). Tavla er montert på vestveggen av stugu i Sletto og gir i tekst og bilder eit oversyn over forfattarens liv og virke. Hol kommune har fullfinansiert tavla, og Olav Sletto-selskapet har stått for innhald og produksjon. Eva Almhjell las ei helsing frå Olav Sletto til Tor og Birgit Sletto etter eit besøk på garden i 1952.



Ordførar i Hol, Petter Rukke, helsa fra kommunen og overrekte den ferske samarbeidsavtala mellom kommunen og Olav Sletto-selskapet til Eva Almhjell

(bildet over). I avtala gir m.a. Hol kommune Olav Sletto-selskapet rett til å nytte materialet etter Olav Sletto i samsvar med selskapets eigne vedtekter og etter Hol bygdearkivs reglar om gaver. Med minnetavla gjort kjent, og med flagget vaiande i den lette sommarbrisen, hygga dei 25 frammøtte seg framfor stugu med kaffi, kaker og god svall.

Eva Almhjell - foredrag første halvår 2016
Mens bibliotek og historielag i Hallingdal var opptatt av å høre om boka om Anne Sletto, Olavs mor, i 2015, har tilsvarende i Vestfold vist interesse også denne våren: Ramnes historielag og Tønsberg litterære selskap (bildet under). Godt besøkte arrangement. Dei to artiklane i boka, portrettet av Anne Sletto og «Utanfor ekteskap» av Jørn Øyrehaugen Sunde gir eit interessant bilde av korleis livet kunne vera for ei tenestjente som Anne Sletto på slutten av 1800-talet, og for tenestjenter flest i Norge fra 1600-talet til vår tid. Anne var tenest-jente i Vestfold i mange år på slutten av 1800-talet.



Eva Almhjell i Tønsberg litterære selskap 2.3.16 saman med f.v. Ragnar Ytrehus og Maria Szasinski. Foto: Kjersti Førhus.

Hausten 2016 **SLETTODAGEN**

15. oktober lanserer vi for første gong SLETTODAGEN på Dr. Holms Hotell på Geilo. Den uortodokse presten, Helge Hognestad, vil snakke om åndelegheita hjå Olav Sletto, og truleg kjem også Eva-Charlotte Mørk og fortel om masteroppgava si i litteraturvitenskap, der ho skriv om LOKE-bøkene som fantasy-litteratur. Originalt og spennande frå ungdommen! Masteroppgava ligg m.a. på nettsida under nyhende 19. mai 2016.

Pilsiktig til minnetavla i Sletto

vart etterlyst av grunneigar under avdukinga sundag 19. juni. Pilsiktig til Olav Slettos fødestad og minnetavle blir sett opp hausten 2016.

Aktiv bruk av Sletto-rommet

Olav Sletto-selskapet og Hol kommune ynskjer saman å aktivere Sletto-rommet, som ligg på loftet i Holet bibliotek, rett overfor Hallingskarvet skole. Vi monterer låsbare skåp for ting vi er redde for, lagar ein arbeidsplass der for lesing og forsking, og rom for ungar i Den kulturelle skolesekken med meir.

Digitalisering av dokument fra Olav Sletto-arkivet

Hausten 2016 startar styret i Olav Sletto-selskapet arbeidet med å digitalisere korrespondanse og andre dokument frå Olav Sletto-arkivet. Dei digitaliserte dokumenta blir trygt lagra i Hol kommunens digitale arkivsystem.

Aktiveringa av Slettorommet og digitaliseringsarbeidet er i samsvar med avtala mellom Hol kommune og Olav Sletto-selskapet.

Bokmessa 2016 - 19. november på Ål

Olav Sletto-selskapet er med på Bokmessa 2016 på Ål, med Eva Almhjells artikkel i DØLAMINNE om ”Unge Olav Sletto/Olver – tidtrøyte for moderne overklassekvinner”.

Boksal

Det er omsett bøker (Anne-bok, Per Gjetar og Per Sjøl-CD) for omkring 3-4000 kr. sidan årsskiftet.

Medlemskontingenent 2016 - 200 kr.

Med få unntak har alle medlemmer betalt 2016-kontingenent. Kontingenent er grunnfjellet i selskapet. Tusen takk for den støtt!

Medlemsinformasjon og nyhende blir publisert etter kvart på www.olavslettoselskapet.no

Bilda frå avdukinga av minnetavla i Sletto er tatt av Margarethe L'orange.

Bilde av Knut V. Seim er tatt av Eva Almhjell.

Styret i Olav Sletto-selskapet ynskjer kvar einskilt av dykk ein strålende sommer!

Vel møtt til arrangementa hausten 2016!